

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: HC6SDH

Registrert dato: 13.02.2022 18:26:46

Innleiing

Uttalen blir gjeven

- Personleg
- På vegner av føretak/lag/foreining

Opplysningar om føretak/lag/foreining

Føretak/lag/foreining

Myking skule FAU

Namn på innsendar

Nora Urdal

Rolle

Kasserar

Adresse

Myking 37

Postnummer

5957

Poststad

Myking

Telefon

97502612

Telefaks

Høyringsuttale

Høyringsuttale

Velj høyringsuttale:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel

Uttale

Me her i Myking skulekrins vart svært glade for å høyre at Myking vert foreslått som nytt nærsenter. Vi opplever at bygda vår er ein trygg og god plass, med eit variert utval av aktivitetar. Butikk, ballbinge, kyrkje, skule, bedehus og grennahus dannar i lag sjølvhe hjarta i bygda, og er nært knytte i lag. Vi kjenner oss heldige som bur i ei levande bygd, og vi kan håpe at status som nærsenter kan vere med å styrke dette. Fleire ny-innflytta nemner nettopp det at vi har både skule og nærbutikk, som eit medverkande argument til at dei har valt å busetja seg her. Av aktivitetar i Myking-bygda kan vi nemne ungdoms-klubb, aktivitets-klubb for born, ulike trim-grupper, kaffi-kos for pensjonistar, husflids-messer, basarar, julefestar og mange andre arrangement. Vi har eit aktivt bygdelag, som m.a. gjer ein god jobb med å merka turløyper i skogane rundt oss.

Som alle andre bygder er trusselen om fråflytting og nedlegging aldri langt vekke. Myking har ei lang historie som senter, der kyrkja gjennom hundrevis av år har gjort bygda til samlingspunkt for området. Vi håpar verkeleg at Myking kan få status som nærsenter, slik at vi framleis har ei levande bygd som både trekker til seg nye innbyggjarar, og som får ungdomen til å ønskje å bli verande her.

Vi treng folk i distrikta, men då må det finnast levande bygder med skule, butikk og andre tilbod som gjer at folk ønskjer å busetje seg her. Me i FAU på Myking håpar at ved å gjere Myking til nærsenter, så er det større sjangsar

for at bygda vår får halde fram med å vere både samlande og aktiv, slik ho har vore i lang, lang tid.

Vyrdsamt helsing FAU ved Myking skule.